

Referat frå instituttrådsmøte

Institutt for framandspråk

Dato: onsdag 21. september 2022

Til stades: Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Eirik Hovden, Lene M. Johannessen, Ingunn Lunde og Martin Paulsen.

Frå gruppe B: Julia Christine Marinaccio deltok via nettet.

Frå gruppe C: Christine Bresil.

Frå gruppe D: Anja Eriksen, Christine Marie Mowinckel Fagg.

Arve Kjell Uthaug møtte som sekretær.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Eirik Hovden melde ei ymse-sak. Det kom elles ingen merknader til innkallinga og saklista.

Instituttleiar viste til sirkulasjonssak om tilsetjing av ein ekstra, sjette, ph.d.-stipendiat i samband med den opne utlysinga som kom i november 2021. Førespurnad frå instituttleiar gjekk ut på e-post 24. juni med frist for tilbakemelding til 1. juli. Det kom ingen innvendingar, og tilsetjinga vart derfor gjennomført i tråd med framlegget.

Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 8. juni 2022

Referatet vart godkjent utan merknader. Innkallinga og referatet vil bli lagt ut på nettet, og det vil bli informert om publiseringa av dokumenta i IF-nytt.

Sak 3 – orienteringssaker

- a) Uthaug orienterte om instituttøkonomien per september 2022. Instituttet reknar med å gå ut av 2022 med eit underskot i driftsbudsjettet, eit underskot som i stor grad skriv seg frå høge utgifter til eksamenssensur og mellombels tilsette i undervisninga. IF reknar samstundes med å få overført ein gevinst frå Eksamensprosjektet på rundt 1,3 millionar kroner i slutten av 2023, og dette vil bli brukt m.a. til å sanera eit eventuelt underskot. Det er uansett viktig at instituttet held nede utgiftene til mellombels tilsette i driftsbudsjettet for 2023. Når det gjeld vidareutdanninga ved instituttet, er det gode inntekter frå Nettarabisk, og dette tilbodet er for tida med på å finansiera dei faste vidareutdanningsstillingane på spansk. Inntektene frå BOA – frikjøp, overhead og gevinst – er svært viktige for driftsbudsjettet til instituttet.
- b) Instituttleiar orienterte om langtidsbudsjettet for HF. Det store pensjonskuttet vil ramma UiB hardt, i tillegg kjem no auka straumutgifter. Regjeringa prøver å halda inflasjonstrykket i samfunnet nede gjennom å stramma inn utgiftene i offentleg sektor,

samstundes som det er mindre pengar å henta frå Forskingsrådet til nye BOA-prosjekt. Vi er derfor i ein situasjon der svært få, om i det heile nokon, av faga våre kan rekna med å halda fram med like mange stillingar som før. Kva gjer vi med dette? Instituttet vil freista å styrka eksternfinansieringa, prøva å rekruttera fleire studentar og helst få studentane til å ta fleire studiepoeng.

- c) Instituttleiar orienterte om opptakstala til fag ved IF i 2022. Samla sett opplevde instituttet hausten 2022 ein tydeleg nedgang i studenttilstrøyminga. Det er likevel unntak: Arabisk og japansk har bra tilstrøyming, og lektorutdanninga på engelsk har fått mange studentar.

Sak 4 – Strategi

Instituttleiar orienterer instituttrådet om framdrifta i arbeidet med ny strategi for instituttet. For tida går det tre parallelle strategi-prosessar ved UiB: sentralt, på fakultetet og ved instituttet. Instituttrådet ønskjer at instituttet blir involverte i arbeidet med ny strategi gjennom eit allmøte heller enn gjennom strategidrøftingar i programstyra. Instituttet vil kalla inn til eit allmøte, som inkluderer studentar, og som er førebudd skriftleg.

Sak 5 – Utlysing av stipendiatstillingar

Instituttleiar viste til saksnotatet om bruken av stipendiatheimlar. Det er sannsynleg at IF får lysa ut to, tre eller fire stipendiatstillingar i 2023, og det er aktuelt å knyta desse stillingane til konkrete forskargrupper ved instituttet, i tråd med satsinga på forskargrupper ved fakultetet. Instituttrådet drøfta ulike sider ved saka og alternative måtar for å øymerka utlysingane til forskargrupper. Det var brei støtte i instituttrådet om å lysa ut stipendiatstillingar i 2023 knytt til forskargrupper ved instituttet.

Samstundes vart det vist til at ein bør vurdere å reservere i alle fall ei stilling kvart år til ei open utlysing. Dette kan gjere det mogleg for potensielle stipendiatar å planleggje ein søknad.

Instituttleiar konkluderte samtalen med at utlysinga av stipendiatstillingar i 2023 bør koplast til forskargruppene våre. Det kan vera aktuelt å bruka 3 stipendiatstillingar til dette. Forskings- og internasjonaliseringsutvalet ved instituttet drøftar nærare korleis utlysinga bør sjå ut konkret.

Sak 6 – ymse

Hovden minna om kommunikasjonsarbeidet ved instituttet, både i meir tradisjonelle kanalar og i sosiale media. Sjå òg sak 7 frå instituttrådsmøtet 8. juni 2022. Det bør lagast ein strategi på dette feltet, og spørsmålet bør med i strategiprosessen ved instituttet. Kanskje kan IF òg henta inn ressursar frå UiB sentralt på feltet.

Martin Paulsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef